



FØRESEGNER

DETALJREGULERING for

SENTRALE DELAR AV HEGGMYRANE

Plan ID: 1426-2013005

Føresegner datert: 30.08.2017

Plankart datert: 30.08.2017

Til 3. gongs handsaming

1. GENERELT

Desse føresegnene gjeld for området innanfor plangrensa på plankartet. Utbygging av området skal skje i samsvar med plankart og føresegner. Føresegnene kjem i tillegg til det som vert bestemt i plan- og bygningslova med forskrifter. Etter at plankartet med desse føresegner er vedtekne, er det i planområdet ikkje tillate å inngå privatrettslege avtalar i strid med reguleringsføresegnene.

Føremålet med planen

Hovudføremålet med planen er å leggja til rette for utvikling av Sogn skisenter med både vinter og sommaraktivitetar. Heile området skal sjåast på som eit heilheitleg natur- og kulturlandskap og kulturhistoriske element skal så langt råd takast vare på. Alle anlegg skal utformast og opparbeidast slik at ein best råd vernar både eksisterande landskap og vegetasjon. Målet er å ta vare på dei fine kvalitetane området har til glede og nytte for flest moglege.

2. REGULERINGSFØREMÅL

Området er regulert til følgjande føremål:

Bygningar og anlegg (pbl § 12.5 nr.1)

Andre særskilt angitte bygningar og anlegg (BAS)
Fritidsbusetnad (BFR)
Idrettsstadion (BSS)
Lager (BL)
Skianlegg (BSA)
Skiløypetrasé (BST)
Utleiehytter (BUH)
Energianlegg (BE)

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (pbl §12.5 nr.2)

Køyreveg (SKV)
Annan vegg grunn – teknisk anlegg (grøft, skjæring, skulder) (SVT)
Fortau (SF)
Gangveg/gangareal (SGG)
Parkeringsplass (SPP)

Grøntstruktur (pbl §12-5, nr.3)

Naturområde (GN)
Turveg (GT)

Landbruks-, natur- og friluftformål (§12-5, nr.5)

Landbruksformål (LL)

Omsynssoner (pbl §12.6)

Sikringssone - frisikt (H140)
Støysone (H210, H220)
Faresone - høgspenningsanlegg (H370)
Faresone – flaum og sørpeskred (H320)
Omsynssone - kulturlandskap (H510)
Omsynssone - bevaring kulturmiljø og naturmiljø (H570)
Bandlegging etter lov om kulturminne (H730)
Reguleringsplan skal framleis gjelde (H910)

Føresegningsområde # 1 og #2

3. REKKEFØLGJEKRAV

3.1. Infrastruktur

Tilkomstvegane skal byggast ut etter detaljplanar godkjent av kommunen og terrenget på sida av vegane skal setjast i stand etter inngrep.

3.2. Tabell for rekkefølgekrav

Område/ føremål	Krav om opparbeiding før mellombels bruksattest/ ferdigattest
BSS1	Før utbygging av skiskyttarstadion, skal vegen SKV3 vere sikra gjennomført. Det skal utførast støyvurdering når skytebana er endeleg plassert. Før anlegg før skiskyting kan byggast må det byggast støydempende tiltak mot hytteområdet BRF2 og BFR7. Avbøtande tiltak skal vera sikra før rammeløyve vert gjeve.
BUH1	Før utbygging av området skal tilkomstveg via o_SPP2 vera bygd.

4. BYGNINGAR OG ANLEGG - FELLES FØRESEGNER

4.1. Krav til byggesøknad

Bygg, anlegg og verksemder skal utformast med sikte på å sikre gode arkitektoniske løysingar og ta naudsynt omsyn til eksisterande miljø.

Søknad om løyve til tiltak skal innehalde ein detaljert, kotesett situasjonsplan i målestokk maks 1:500. Denne skal vise bygningsvolum, handsaming av terreng, bygning i samanheng med omgjevnader, parkeringsplassar, gjerder, interne gangvegar, møblering av leike- og opphaldsareal, renovasjonsanlegg og vegetasjon som skal bevarast. Det skal leverast eit situasjonsnitt gjennom nye bygg og tilhøyrande areal/nabobygg.

For bygningar i planområdet skal det ved byggesøknad leverast plan for alle etasjar, fasadeteikning, snitt. Bygget skal visast i høve omkringliggjande bygg enten som fotomontasje/perspektivteikninga eller sett i 3d-modell. Ved endring av fasade skal ny fasade visast med fasadeoppriss.

Planteikningar skal vere høgdesett og inngangspartiet skal teiknast i detalj. Det skal visast høgdesett snitt av tomta vinkelrett på inngangsparti.

Utforming og oppsetjing av reklameskilt skal dokumenterast i byggesøknad.

4.2. Plassering og grad av utnytting

Bygningar skal plasserast innanfor regulerte byggegrenser der dette er vist i planen. Reglane i Plan- og bygningslova gjeld der byggegrensa ikkje er vist i planen.

Maksimal utnyttingsgrad er fastsett som prosent bebygd areal (% BYA), etter reglane i TEK (definert etter den til kvar tid gjeldande byggeteknisk forskrift). Eit vilkår for å utnytte tomta med maksimal %BYA er at krav til byggehøgde, byggegrense og dokumentert parkeringsdekning er innfridd.

4.3. Byggehøgder- og lengder

Gesimshøgde vert rekna i samsvar med den til kvar tid gjeldande byggtekniske forskrift, ut frå gjennomsnittleg planert terrengnivå.

4.4. Bygnings form, plassering, materialbruk og farge

Kommunen skal ved handsaming av byggesøknader sjå til at bygningar får ei god form og materialbehandling, og at det vert lagt vekt på å finne ei så god løysing som mogleg i høve til terrengtilpassing, utsikt for naboar samt opparbeiding av gode uteopphaldsareal.

Det skal nyttast miljørette materiale (som ikkje er material- eller energikrevjande å framstille, som har minimalt innhald av helse- og miljøfarlege stoff, som ikkje reduserer naturområde eller biologisk mangfald, og som har stor andel resirkulerte materialar). Utbyggar må verte oppfordra til å rette merksemda mot trongen for vêrbestandige byggematerialar og metodar.

4.5. Terrengtilpassing, utomhusplan

Den ikkje-bygde delen av tomta skal utformast på ein tiltalende måte. Fyllingar og støttemurar skal så vidt mulig unngåast, og det er ikkje tillate å ha skjemmaende skjeringar og fyllingar. Skjeringar som følgje av utgraving/planering av tomt skal tilplantast med stadeigen vegetasjon. Der det er behov for støttemurar mot nabotomt eller veg, skal desse i hovudsak utførast i naturstein. Kommunen kan påby at planeringshøgda blir senka eller heva slik at høgda på støttemuren blir redusert.

4.6. Støy

Støyreduserande tiltak skal setjast i verk dersom krav gjeve i rundskriv T-1442 frå Miljøverndepartementet ikkje er tilfredsstillt. Utandørs støyforhold på uteplass og utanfor rom med støyfølsom bruk, skal ikkje overstige 55dBA L_{den} . Maks. lydnivå om natta (mellom kl. 23 og 07) skal ikkje overstige 70 dBA utandørs. For innandørs støynivå er kravet 30 dBA L_{den} .

4.7. Automatisk freda kulturminner

Om det i samband med gravearbeida vert gjort funn av gjenstandar eller konstruksjonar, pliktar ein å stoppe arbeidet snarast og ein må underrette kulturavdelinga i fylket for avklaring, jf. Kulturminnelova §8 andre ledd.

4.8. Universell utforming

Planlegging og utbygging skal basere seg på prinsippet om universell utforming/tilgjenge for alle. Universell utforming betyr at produkt, byggverk og uteområde som er i alminnelig bruk skal utformast slik at alle menneske skal kunne bruka dei på ein likestilt måte så langt det er mogleg, utan spesielle tilpassingar eller hjelpemiddel.

Byggeområde, trafikkområde og offentlege uterom skal utformast med tilfredsstillande tilkomst.

Korleis krava til universell utforming er ivareteke, skal visast i illustrasjonsplan som vedlegg til søknad om rammeløyve.

4.9. Kommunaltekniske anlegg

Innanfor byggjeområdet kan det oppførast trafokioskar, pumpestasjonar eller andre tekniske innretningar der dette er nødvendig. Frittstående bygg skal tilpassast dei andre bygningane på staden med omsyn til form og farge. Slike innretningar skal godkjennast av kommunen.

Alle hyttene skal tilkoplust kommunalt anlegg for vatn og avlaup.

4.10. Drenering

Innanfor kvar tomt må utbyggar sørge for nødvendig drenering for overvatn og grunnvatn, og føre dette til avløp til bekk/vassdrag eller kommunalt/privat leidningsnett etter godkjenning av kommunen. Avlaupssystem og eventuell naturleg drenering skal takle ekstremnedbør på 140 mm i løpet av 24 timar.

4.11. Renovasjon

Avfall frå hyttene skal fraktast til oppsette containerar eller anna godkjent avfallsmottak.

4.12. Høve til beitedyr

All aktivitet i det regulerte området skal leggast opp slik at det ikkje skaper fare og problem for utøving av beite. Dersom beitande dyr er til ulempe for skianlegg (BSA) og skiløypetrasear (BSS1) kan det setjast opp gjerde eller anna tilsvarande hinder for halda beitedyr ute.

4.13. Gjerde

Det er høve til å setje opp gjerde rundt hytter/tomt i regulert hyttefelt. Andre hytter kan gjerde inn eit mindre område på maks 50m² nær hytta for å halda beitedyr ute.

4.14. Krav til anleggsfasen

Plan for sikring av omgjevnaden mot støy og andre ulempe i bygge- og anleggsfasen skal følgje søknad om igangsetting. Alle søknadspliktige tiltak skal ha ein plan som skal gjere greie for trafikkavvikling, massetransport, driftstid, trafikktryggleik for gåande og syklande, reinhald, støvdemping og støyforhold. Nødvendige sikringstiltak skal vere etablert før bygge- og anleggsarbeid kan settast i gong.

For å oppnå tilfredsstillande støyforhold i anleggsfasen skal støygrensar som angitt i Miljøverndepartementet sine retningslinjer for handsaming av støy i arealplanlegging, T-1442, leggast til grunn.

4.15. Skilting og merking

Området skal ha tydeleg og så langt råd sams utforma skilting. Dette gjeld både sjølve skianlegget og skilting/merking av løyper og turveggar. Alle skilt skal plasserast skånsamt i terrenget. Reklameskilt kan berre plasserast på bygg, oppslagstavler og gjerde. J.fr. PBL 20-1-i.

4.16. Lagring

Det er ikkje tillate med skjemmaende utelagring i området. Eventuell lagring utanfor bygg skal berre skje på område regulert til lager.

4.17. Tilbakeføring

Dersom drift av skianlegg opphøyrer, skal det området som er regulert til dette førast attende til LNF-område (jord og skogbruk).

5. BYGNINGAR OG ANLEGG

5.1. Andre særskilt angitte bygningar og anlegg, BAS1

Området kan nyttast til bygningar og anlegg knytt til Sogn skisenter sin aktivitet. Areal i 1.etasje skal ha publikumsretta funksjonar/ verksemder.

Maksimal mønehøgde skal ikkje overstige 9 m frå gjennomsnittleg planert terreng.

Tillaten maksimal utnytting av tomta innanfor definerte byggegrenser er sett til 40% BYA. Ved eventuelle nybygg/påbygg vert det stilt plankrav (jfr .føresegna sin §4.1).

Tilkomst til hovudinngang og toalett skal vere universelt utforma i samsvar med reglane i TEK10.

5.2. Fritidsbustader BFR

Område merka med BFR kan nyttast til fritidsbusetnad/hytter. Kvar tomt skal ha oppstillingsplass til minst 1 bil på eigen grunn. Område merka BFR7 har gangtilkomst via tursti frå Modvovegen SKV5 om sommaren og frå veg SKV4 både sommar og vinter.

Lovleg maksimal mønehøgde for bygningar innanfor BFR2, BFR3, BFR4, BFR5, BFR6 og BFR7 frå gjennomsnittleg planert terreng er 5,5 meter.

Lovleg maksimal utnytting av tomta innanfor definerte tomtegrenser er 20% BYA.

Dette gjeld BFR2, BFR3, BFR4, BFR5, BFR6 og BFR7.

Bygningane skal ha saltak eller liknande form for skråtak eller pultak. Nye bygg med saltak skal ha takvinkel på 27-40 grader. Nye bygg med pultak skal ha takvinkel 10-22 grader. Møneretninga skal vere parallell med lengderetninga på bygget si hovudform.

Det er ikkje høve til å bygge veranda langs heile hytta si lengderetning. Veranda kan byggast maks. 1m over bakkenivå, men helst inn i terrenget som ein terrasse.

BFR1, Heggmyrane hyttefelt. Reguleringsplanen frå 2008 gjeld framleis (*Plan-Id 1426-2008007*).

5.3. Utleiehytter BUH1

Området kan nyttast til hytter eller bu-einingar for utleie.

BUH1 skal ha vegrett via SPP2 og påkopling til skisenteret sitt VA-anlegg.

Veg gjennom området skal gå fram til vestgrensa for BU H1, for evt. vidareføring inn i området vestanfor.

Lovleg maksimal utnytting av tomta innanfor definerte byggegrenser er 60% BYA.

Lovleg maksimalt etasjetal er 2 etasjar.

Lovleg maksimal mønehøgde utifrå gjennomsnittleg planert terreng er 8 meter.

Det vert vist til føresegna sin §4.4 for krav til utforming og §4.1

5.4. Lager BL1

Innanfor området kan det førast opp bygningar for lager og reparasjon av maskiner og utstyr til skianlegget.

Lovleg maksimal innanfor utnyttingsgrad utnytting av tomta innanfor definerte byggegrenser er 50% BYA. Parkeringsplassar inngår også i utnyttingsgraden.

Området skal opparbeidast med god terrengforming og planting av ny vegetasjon. Området skal haldast ryddig. Ved eventuelle nybygg/påbygg vert det stilt plankrav (jf. føresegna sin §4.1). Det skal

utarbeidast plan i målestokk 1:200 som bl.a. viser vegar, tilkomst, parkering, lager, terrengbehandling samt bevaring av eksisterande vegetasjon og nyplantning.

Bygningane skal ha saltak eller liknande form for skråtak/pultak. Nye bygg med saltak skal ha takvinkel på 27-40 grader. Nye bygg med pultak skal ha takvinkel 10-15 grader. Møneretninga skal vere parallell med lengderetninga på bygget si hovudform.

5.5. Elektriske anlegg BE1

BE1 kan byggast ut med koplingsboks i samband med høgspenlinja.

5.6. Skianlegg BSA

Området merka med BSA kan nyttast til formålet skianlegg. I vekstsesongen kan desse områda nyttast til tradisjonelt landbruk og dei områda som er innmark er då ikkje tilgjengeleg for allmenn ferdsel. Unntak frå dette er BSA 6 (hoppbakkane) som vil ha heilårsbruk.

Hoppanlegget skal byggast etter definerte standardar frå Norges Skiforbund og til hoppanlegget høyrer lys, skitrekk og anna som naturleg høyr er til eit komplett hoppanlegg.

Deler av BAS1 (serviceanlegg) ligg innafør fareområde sørpeskred og det må etablerast sikring mot dette ved utviding av anlegget. Før byggeløyve vert det stilt plankrav (jfr. føresegna sin §4.1).

Løypetraséar skal tilpassast kollar og mindre fjellformasjonar. Berørt sideterreng skal såast til slik at det tek seg godt ut også om sommaren. Grupper med vegetasjon skal i størst mogeleg grad setjast att i anlegget.

Fulldyrka mark og vegetasjon utanfor løypene skal takast vare på. Skadd vegetasjon skal erstattast med ny.

5.7. Hoppbakke BSA6

Det kan byggast tre hoppbakke ar innanfor området. Det må takast særskilt omsyn til terrenghandsaming, dei to tomtene BFR7 og tilkomsten til desse, og nærleiken til jarnaldergarden på Modvo og rydningsrøys. Før byggeløyve vert det stilt plankrav (jfr. føresegna sin §4.1). Detaljplan må bl.a. vise korleis området kan kryssast av turvegar både sommar og vinter. Det vert sett rekkefølgekrav der dei minste bakkane må byggjast før den største bakken .

5.8. Idrettsanlegg BSS

Området merka med BSS1 kan nyttast til formålet idrettsanlegg.

Planlagt aktivitet er 3 km asfaltert rulleskiløype, 5 km langrennsløype, skiareana og skiskyttarstadion mm. Anlegget kan lysesetjast.

Det kan innanfor området byggast og asfalterast ei rulleskiløype med total breidde 6 m og med asfaltert breidde minst 3,5 m. Rulleskiløypa skal byggast innanfor definerte standardar frå Norges Skiforbund. Rulleskitraséen skal ikkje kryssast av køyretøy.

Innfor området kan det førast opp eit arenabygg med grunnflate maks 70 m² og mønehøgde maks 8m frå planert terreng. Før byggeløyve vert det stilt plankrav (jfr. føresegna sin §4.1).

Før anlegg før skiskyting kan byggast må det byggast støydempande tiltak mot hytteområdet BRF2 og BFR7.

Idrettsanlegg med heilårsbruk, slik som bl.a. rulleskiløype, har prioritert bruk i området og anna bruk i området må ikkje skade etablerte heilårsanlegg. Ved legging av kraftleidningar i bakken i dette arealet, må desse leggjast i trekkerøyr med nødvendige trekkekummar.

Det kan innafor området byggast ei langrennsløype med totalt breidde 15 m. Skiløypa skal byggast innanfor definerte standardar frå Norges Skiforbund. Det kan innafor området BSS1 ryddast skog i maks 15 m breidde på ski - og rulleskiløyper.

Utanfor arena og opparbeidde løyper skal skog, anna vegetasjon og landskapselement i størst mogeleg grad takast vare på. Det kan drivast skogsdrift med plukkhogst, ikkje flatehogst.

5.9. Skiløypetrasè BST

Løypetrasèen mot Sønnesyn, BST1, og løypetrasèen på myra, BST2, skal nyttast til skiløyper når snømengda er tilstrekkeleg for løypepreparering i skisesongen frå og med november til april. Bruk av jord- og skogbruksveggar i planområdet som kryssar skiløypene og som vert nytta vinterstid, må ikkje vere til hinder for bruken av skiløypene. Avtale om bruk vinterstid må gjerast med Sogn skisenter. I skisesongen er det forbod mot brøyting, plassering av tiltak (eks. gjerde eller bygningar) eller lause gjenstandar i skiløypa.

Det kan innafor områda BST1 og BST2 ryddast skog i maks 15 m breidde på skiløyper. Nye skiløyper skal byggast innanfor definerte standardar frå Norges Skiforbund. Skisenteret sitt ansvar for opp - /nedsetjing av grunder fell vekk om gjerdehald ikkje vert ivareteke av grunneigar.

BST1 skal vera universelt utforma med minst ein HC parkering i tilknytning til løypa.

6. SAMFERDELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

6.1. Køyreveg – offentlig o_SKV

Veg til skisenteret o_SKV 1 og Modvovegen o_SKV2 er offentlege køyreveggar. Regulert vegbreidde er 7 meter. Regulert vegbane er 5,5 meter. Regulert frisikt for kryss mot FV 55 er 10 x 120 meter. Ved behov må det utarbeidast detaljplan for krysset mellom FV 55 og Sogn skisenter veg SKV1.

o_SKV5 har regulert vegbane 4 meter og 1,5 m veggrøft. SKV5 skal ikkje brøytast i skisesongen (desember – april).

6.2. Køyreveg - annan eigarform SKV

SKV3 og SKV4 har annan eigarform. SKV4 er regulert med skogsbilvegstandard. Desse vegane kan stengast for fri motorisert ferdsel, men skal vere open for fri ferdsel til fots, i rullestol, i vogn og med sykkel.

6.3. Annan veggrunn – teknisk anlegg STV

Dette føremålet, SVT, omfattar areal som naturleg høyrer til vegen som grøft, skjering, fylling, mur, rekkverk m.m.

6.4. Busstopp

Busstopp skal ha universell utforming.

6.5. Fortau o_SF

o_SF1 ligg inntil vegbana mellom busstoppet og skibrua og er avsett til offentlig fortausareal med breidde 2,5 m.

6.6. Gangveg/gangareal o_SGG

Offentleg gangveg o_SGG1. Gangvegen kan nyttast som tilkomstveg for tilgrensande landbrukseigedommar.

6.7. Parkering, offentlig o_SPP

Dei regulerte parkeringsplassane o_SPP1 og o_SPP2 skal nyttast til parkering for gjestene til skianlegget og for turgåarar som vil gå tur i området sommarstid. 2 av p-plassane nærmast Servicebygget og minst ein plass i tilknytning til skiløypa BST2 skal avsetjast til handikap-parkering.

Utleiehyttene i BUH1 skal ha tilkomst via o_SPP2.

Den regulerte parkeringsplassen o_SPP3 skal vinterstid nyttast til parkering for dei som har eigedommar nordaust for skitrekket og brukar Modvovegen som tilkomstveg om sommaren og som gjesteparkering for hytter i området. Om sommaren kan parkeringsplassen nyttast av turgåarar som vil gå tur i området og som gjesteparkering.

Ved regulering/utbygging av hytteområdet vest for BFR1 kan tilkomstveg til dette området gå gjennom område regulert til parkeringsplass o_SPP3.

7. GRØNTSTRUKTUR

7.1. Naturområde GN1

Kolla Aspelhaugen med furuskog, blåbærlýng og registrerte sjeldne artar er avsett som naturområde. Kolla er viktig både som både landskapselement og som viltbiotop. Området kan ikkje snauhoggast (flatehoggast), ryddast eller dyrkast. Så langt råd skal både tre og lyngvegetasjon bevarast. For å forynga skogen er det tillate med forsiktig plukkhogst. Skogen skal foryngast med naturleg frøsetjing eller planting av furu. Vindfall kan fjernast. Det kan ikkje byggjast skogsbilveg eller setjast opp bygg i dette området.

7.2. Turveg GT

Innanfor GT1 kan det byggast turveg med breidde maks 3 m. Traseen vist på kartet er omtrentleg. GT1 er felles tilkomst til den gamle jernaldergarden på Modvo og til framtidige hoppbakkar. GT2 skal berre fungere som skiløype om vinteren og skal ikkje opparbeidast for sommarbruk eller brøytast. Der turvegane kryssar gjerde må det vera grind som let seg opna. Grunder skal fjernast i skisesongen.

8. Landbruks-natur- og friluftsmål

8.1. Landbruksformål LL

Området skal nyttast til tradisjonell landbruksdrift som grasproduksjon, beite og skogsdrift. Det må takast omsyn til heilskapen i kulturlandskapet ved landbruksdrifta. Eksisterande hytter og landbruksbygg i regulert område vert ikkje endra ved reguleringa. Eksisterande, eldre landbruksbygningar har stor verdi for kulturlandskapet og skal så langt råd er bevarast og restaurerast.

Opne bekkedar bør takast vare på og ikkje leggjast i røyr med unntak av der dei vert kryssa av veg eller løyper..

Det kan ikkje nyttast piggtråd i nye gjerder. Gamle gjerder med piggtråd skal ved vedlikehald erstattast med nye gjerdematerialer. Rester etter gamle piggtrådgjerder og andre gjerder må fjernast. Elektrisk gjerde skal tydeleg vera merka med varselskilt nær turstiar og friområde dersom det ikkje vert nytta kvit/orange tråd.

Det kan byggjast skogsveggar for å frakta ut tømmer og jordbruksveggar for naudsynt transport til og frå utmark - både i og utanfor planområdet. Vegane skal byggjast etter plan som skal godkjennast av kommunen og skal leggjast slik at dei er til minst mogeleg hinder for anna bruk av området og helst slik at dei kan nyttast som turveggar både sommar og vinter.

På område regulert til landbruksføremål gjeld allemannsretten i utmark heile året og på innmark den tida marka er frosen eller dekkja med snø.

9. OMSYNSSONE

9.1. Sikringsone – frisikt H140

Innanfor frisiktsonene skal det vere fri sikt på minimum 0,5 m over tilgrensande vegars nivå. Busker, trær, gjerde eller andre konstruksjonar som kan hindre sikten er ikkje tillate. Trafikkskilt og lysmaster kan plasserast i frisiktsona, dersom dei ikkje hindrar fri sikt. Parkeringsplassar kan ikkje etablerast i frisiktsonene. Kommunen kan krevje at sikthindrande vegetasjon og gjenstander blir fjerna.

9.2. Støysone H210 og H220

Innanfor område vist som omsynssone støy, H210, “raud sone” kan det ikkje godkjennast tiltak som ikkje kan sameinast med høg støy frå køyrevegen.

Innanfor område vist som omsynssone støy, H220, “gul sone” kan det godkjennast tiltak som ikkje er støyømfintleg eller der det er gjort støyreducerande tiltak, dersom tiltaka elles er i samsvar med reguleringsformålet.

9.3. Faresone - høgspenningsanlegg H370

Det er fare for stråling innanfor sona langs eksisterande høgspenninglinjer i området. Omsynssone med byggeforbod 7m (66kV) frå ytterste fase (linjetråd), dvs. totalt 20m. Omsynssone med byggeforbod 6m (22kV) frå ytterste fase (linjetråd), dvs. totalt 16m. Det er ikkje tillate å føre opp bygg eller andre faste installasjonar i denne sona.

Ny jordkabel en på 66 kV har ei klausuleringsbreidde/faresonebreidde på 5 meter.

9.4. Faresone flaum og sørpeskred H320

Innanfor sona er det lokal sørpeskred- og flaumfare ved auka vassføring. Elva Modvo må sikrast i samsvar med flaum- og skredfarerapport datert 22.08.16 før igangsetting av byggetiltak i området.

9.5. Omsynssone landbruk H510

I område H501_1 og H510_2 ynskjer ein å bevare det spesielle kulturlandskapet med område for beite, slått, steingardar og mindre hus. Graving, planering, fjerning av stein og hus, samt planting må ikkje gjerast utan etter skriftleg avtale med Luster kommune. For å bevare naturverdiane i området er det viktig at beitetrykket blir oppretthalde.

9.6. Omsynssone bevaring kulturmiljø H570

H570_1 Innafor sona er føremålet å ta vare på det unike jernalderanlegget på Modvo.

H570_2 Like ved ligg rydningsrøyser.

H570_3 Her ligg to gravrøyser som også er automatisk freda.

Kulturminna i spesialområda er freda i medhald av lov om kulturminne § 4. Det er forbod mot inngrep i kulturminna eller å utføre tiltak som medfører fare for at dette kan skje, jf. Lov om kulturminne § 3.

Det kan drivast skjøtsel av kulturminna og spesialområdet. Kulturminna kan tilretteleggjast for publikum med skilting. I spesialområda kan det opparbeidast stiar m.m. Arbeidet kan setjast i verk etter planar godkjent av Kulturminneavdelinga i fylkeskommunen, jf. Lov om kulturminne §§ 9 og 11a.

Det er høve til å fjerne tre og busker innafor omsynssona. Graving, planering m.m. må ikkje gjerast utan etter avtale med Fylkeskommunen si Kulturavdeling.

9.7. Omsynssone H730 Bandlegging etter lov om kulturminner

1. Inngrep i grunnen eller andre tiltak som har innverknad på dei automatisk freda kulturminna innanfor omsynssone H730 er ikkje tillate.

2. Ved all sakshandsaming etter plan - og bygningslova skal oppdatert datasett med kulturminne lastast ned frå Riksantikvaren sin kulturminnedatabase (askeladden.ra.no) for å sikre at omsynet til kulturminnet vert ivareteke.

9.8. Reguleringsplan skal framleis gjelde H910

Innanfor sona skal gjeldande reguleringsplan Plan-ID 1426-2008007 vidareførast.

10. Juridiske punktsymbol

10.1. Avkøyrsløyper

Avkøyrsløyper i plankartet er meint som forslag til avkøyrsløyper og kan flyttast på ved nærmare prosjektering/byggesøknad.

11. Føresegningsområde

11.1. Sykkelløype #1

Det kan innafor #1 byggast ei sykkelløype. Trasèen vert endeleg fastlagt innanfor føresegningsområdet. Sykkelløypa skal leggjast i terrenget med minimale inngrep både i høve landskap og vegetasjon. Over areal regulert til skianlegg, BSA 5 og BSA6, må trasèen tilpassast formålet for skianlegget der skianlegget har første prioritet.

11.2. Tursti #2

Det kan innafor #2 byggast ein tursti. Trasèen vert endeleg fastsett innanfor føresegningsområdet. Turstien skal leggjast så slakt i terrenget som råd er og med minimale inngrep både i høve landskap og vegetasjon og den skal ha breidde 1,5-2 m. Turstien kan ha dekke av grus. Der turstien kryssar gjerde må det vera grind som let seg opna.